

Kvinnherad kommune  
v/Ingo Bewer

15.12.2025  
Vår ref.: 144447

## **Oversendingsbrev – ny innsending av justert planendring – søknad om endring etter forenkla prosess for Reguleringsplan for masseuttak og industri i Dimmelsvik, deler av gnr. 113 (20120007)**

### **Innleiing**

Viser til tidlegare innsending av søknad om endring etter forenkla prosess med oversendingsbrev den 17.11.2025. Me har i etterkant av dette fått tilbakemelding på søknaden i brev ref. 2024/748-14, den 09.12.2025. Det har vore dialog mellom sakshandsamar og plankonsulent kring ønska justeringar for å imøtekomme tilbakemeldingane frå kommunen. Basert på dette har me justert tidlegare forslag til planendring, og sender revidert utgåve over for ny gjennomgang hjå kommunen.

Forslagsstillar Hardanger Rock AS har i lengre tid jobba med prosess for å få endra nokre av føresegnene for Reguleringsplan for masseuttak og industri i Dimmelsvik, deler av gnr. 113 (20120007). Omega 365 Protek AS engasjert som plankonsulent.

Omega har i denne saka tatt utgangspunkt i informasjon frå tiltakshavar og referat frå tidlegare møter med kommunen, siste referat datert 04.04.25 etter møte som var den 18.mars. I dette oversendingsbrevet går det fram kva endringar som er gjort i forslaget etter sist innsending.

### **Justerte endringar**

I tilbakemeldinga frå kommunen blei det etterlyst klårare føringar for utbygging om ein skulle fjerne rekkefølgekravet om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.

Tiltakshavar har konkrete utbyggingsplanar for to av tomtene i planområdet. I det justerte planforslaget er ikkje det generelle plankravet fjerna, men plankravet er fjerna for dei to tomtene det er aktuelt å bygge i nær framtid. Dette er gnr. 113 bnr. 65 og 77, som ligg tilgrensande andre utbygde tomter. For desse tomtene er det i forslag til justerte føresegner lagt inn konkrete føringar når det gjeld byggegrense mot veg, planeringshøgde, utnyttingsgrad og byggehøgder. Dette er sett tilsvarende som for tilgrensande utbygde tomter i området, og i samsvar med ønska utbygging av næringsbygg. Planomtale og føresegner er justert i høve dette, der det i hovudsak er endringar i kapittel 5 og 7.3 i vedlagt planomtale. Endringane ein ønsker i føresegnene er markert med raud tekst.

Med grunnlag i reviderte dokumenter vedlagt ber me om at sakshandsaminga blir tatt opp igjen.

Venleg helsing,

**Omega 365 Protek AS**

v/ Kjerstina Særsten  
kjerstina@omega.no  
476 39 847